



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavd.
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/950 - 17/9012

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
04.05.2017

Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, LNF, for arealoverføring frå gbnr 15/7 til gbnr 15/26, på Hopland.

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå Eivind Hopland og Frode Harrison om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF– , jf plan- og bygningslova § 19- 2, for arealoverføring av 600 m² frå gbnr 15/7 til gbnr 15/26 på Hopland.

Planstatus:

Gbnr 15/7 er i kommuneplanen sin arealdel sett av både til LNF og til LNF spreidd busetnad. Omsøkt tiltak ligg innanfor LNF spreidd busetnad. Gbnr 15/26 er i kommuneplanen sin arealdel sett av til LNF spreidd busetnad.

Omsøkt arealoverføring er på 600 m² og treng difor dispensasjon frå kommuneplanen si føresegn pkt 3.1.2.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for arealoverføringa, sjå vedlegg.
For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.
I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikke gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Arealoverføring GBNR 15/26 og 15/7

Søknad om dispensasjon GBNR 15/7

Situasjonskart

15-7 1_1000

15-7 1_3000

Kopi til:

Eivind Andreas Hopland	Hoplandsvegen 115	5918	FREKHAUG
Frode Alexander Harrison	Hoplandsvegen 133	5918	FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- og samfunnsplanavd.	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavd.	5020	BERGEN